



# SEILINGSBESTEMMELSAR – Stordmeisterskap 2015

## 1. REGLAR

Regattaen vil vere underlagt reglane slik dei er definert i *Kappseilingsreglane for 2013-2016*. Båtane skal tilfredsstille ISAF's reglar for kappseiling, Sikkerhetskategori 6.

## 2. TIDSPROGRAM FOR SEILASANE (3 baneseilasar og 2 distanseseilasar)

1. Baneseilas: Lørdag 22.08 kl 10.55 (1. startsignal)
2. Baneseilas: 1. startsignal 10 minutt etter at siste båt er i mål fra 1. seilas
3. Baneseilas: 1. startsignal 10 minutt etter at siste båt er i mål frå 2. seilas

Det seiles etter Gundermetode og den båt med lågast rating vil bli starta først med ordinær 5 minutts start (regel 26). Båtar bak må starte klokka når startskuddet i 5 minuts starten går, for første båt for å vite når dei sjølv skal starte!

Distanseseilasane følger Seilingsbestemmelsane til Håkonarseilasen 2015 og omtales ikkje i desse bestemmelsane. Merk at det er forskjellige klassar då Håkonarseilasen også er ein sjølvstendig seilas som deltakarane i Stord Meisterskapet også er del av.

## 3. PÅMELDING/KLASSAR

Regattaansvarleg er Tor Inge Miljeteig og han kan kontaktes på mobil 94 80 34 46.

### 3.1. Regattaen er åpen for båtar i fylgjande klassar:

- NOR-rating – Felles klasse
- TUR-klasse

Deltakelse i NOR rating forutsett gyldig NOR-rating målebrev på [www.seiling.org](http://www.seiling.org) kl. 1700 fredag 21. august. Båtar utan gyldig NOR-rating målebrev pr dette tidspunkt blir automatisk flytta til TUR-klasse.

### 3.2. Påmelding skjer på Seilmagasinet.no, link:

<http://www.sailracesystem.no/?action=paamelding&selId=2055>

## 4. OFFISIELLE BESKJEDER / ENDRINGAR I SEILINGSBESTEMMELSANE

Beskjeder til deltakere og endringer i seilingsbestemmelsane vil kun bli lagt ut på regattaens nettsiden nevnt under pkt 3.2, under pkt «For Deltakerene». Kvar deltaker er sjølv ansvarleg for å sjekke denne sida seinast ein time før start. Meldingar seinare enn 1 time før start blir gitt muntleg til alle deltakerene i startområdet.

## 5. SIGNALER PÅ LAND

For første båt vil det bli gitt startsignal på land ved Storddøra etter normal 5 minutts start med signal på 5. 4. 1, og 0 minutt til start. På null minutt må alle andre starte klokkene sine for å vite når dei skal starte.



# SEILINGSBESTEMMELSAR – Stordmeisterskap 2015

For kvar båt som startar etterpå vil det bli gitt eit signal på det tidspunktet båten skulle ha starta.

Tjuvstart vil gi tidstillegg på 10 minutt dersom den er åpenbar og båten ikkje går tilbake. Tjuvstart vil bli gitt signal om frå land ved bruk av flagg for individuell tilbakekalling.

## 6. KLASSER OG KLASSEFLAGG

Alle klassar seiler i Klasse D.



## 7. LØP/START OG MÅLLINJER/MERKER

Det seiles 3 baneseilasar, men kvar er forskjellige, merk derfor:

### *Første Baneseilas (2 rundar – sjå skisse nedanfor):*

Seilassen går rundt 3 blåsar på Vikafle, **med klokka**. Startlinje vert som for øvrige seilasar med start på Leirvik; ei overrett linje mellom stake ved molo og ytterkant av Storddøra.

Ein seiler mao «innover» i første seilas. Første runding vert bøye lagt ca 50 meter frå Brygga 11, vidare til bøye i Aslaksvikjo før ein seiler ut til bøye som ligg like innanfor Ytstøya og så inn til overrettlinja overrett. Det seiles to runder og målgang blir samme linja som startlinja.

### *Andre Baneseilas (2 rundar – sjå skisse nedanfor):*

Denne er lik som over, men går motsatt veg (**mot klokka**)

### *Tredje Baneseilas (2 rundar – sjå skisse nedanfor):*

Her sløyfes bøyen i Aslaksvikjo, det seiles dermed mellom bøye ved Brygga 11 og Ytstøya, ellers likt og det seiles **med klokka**.

## 8. STARTEN



# SEILINGSBESTEMMELSAR – Stordmeisterskap 2015

**11.1** Kappseilasane startes ved å bruke av Gundermetoden. Den båt med lågast rating startar fyrst, det blir gitt signal ihht 5 minutt regelen (regel 26) og dei øvrige båtane må ta tida i det starten går for første båt for å vite når dei sjøl skal starte.

Det vil bli laga til taballe for alle aktuelle vindstyrker og ratinger slik at ein lett vil finne sitt starttidspunkt.

1 time før start settes vindstyrken, dette vil bli oppgitt muntleg så sant det er mulig, men også på våre Facebooksider vil denne informasjon bli gitt 1 time før start, dvs kl. 10.00 lørdag morgon. Endringer frå seilas 1 kan forekomme og vil då bli gitt munntleg. Det er å anbefale at ein har tabellen med tidene med seg ombord!

**11.3** Ein båt som startar seinare enn 10 minutter etter sitt starttidspunkt vil bli notert som DNS (Startet ikkje). Dette endrar regel A4.1.

## **13 MAKSIMALTID**

Maksimaltiden er 1,5 time etter start for alle seilasane. Båter som ikkje har fullført innan maksimaltida regnes for å ha brutt løpet og vil bli oppført med DNF i resultatlisten. Dette endrar regel 35.

## **16 PROTESTAR**

Protestar skal leveres til regattansvarleg umiddelbart etter målgang.

## **17 RESULTAT**

### ***TUR-klasse:***

Det vert anslått eit måltal for båtar i TUR-klassen og dei delta på lik linje med NOR-rating, men det er egen premiering i TUR-klassen.

### ***NOR-rating klassen:***

Kvar av dei ialt 5 seilasane tel likt, etter lavpoeng systemet. Dersom det er poenglikhet før 5. seilas, (returseilasen søndag) vil plasseringa i denne seilassen avgjere, dette er ihht lavpoengsystemet.

## **18 SIKKERHETSBESTEMMELSAR**

En båt som trekker seg fra seilassen skal underrette regattaansvarleg så snart som muleg.

## **19 PREMIAR**

Det vert 1/3 premiering i Stord Meisterskapet, Overall. Vinnaren vert naturlegvis Stord Meister i segling! Premiering av dette skjer på Premiefesten etter endt sesong.



# SEILINGSBESTEMMELSAR – Stordmeisterskap 2015

Det vil også vere 1/3 premiering av Baneseilasane sett under eit, på middagen lørdag kveld på Fjeldberg!

## **21 ANSVAR**

Deltakarane i regattaen deltar eine og åleine på eget ansvar. Sjå regel 4, Avgjørelse om å kapseile. Den organiserende myndighet vil ikkje akseptere noko ansvar for skade på materiell eller person eller dødsfall inntruffet i forbindelse med, før, under eller etter regattaene.

## **23 FORSIKRING**


Kvar deltakande båt skal være forsikret med gyldig ansvarsforsikring




# SEILINGSBESTEMMELSER – Stordmeisterskap 2015

## 24 BANESKISSAR

### 1. Baneseilas (med klokka)



### 2. Baneseilas (mot klokka)





# SEILINGSBESTEMMELSER – Stordmeisterskap 2015

## 3. Baneseilas (to bøyer, med klokka)

